

## Referat frå Fitjar kyrkjelyd sitt årsmøte 26. mai 2024

Årsmøtet tok til kl. 12.33 og vart kvikt og greitt avvikla på mindre enn 45 minuttar. 27 personar stansa att etter gudstenesta for å ta del i årsmøtet.

Leiar i soknerådet, **Svein Lunde**, ynskte velkommen til møtet. Han vart også, etter benkeforslag, vald til møtedirigent.

**Herman Inge Aadland** var på førehand spurd om å gjera teneste som referent, og møtelyden gav tilslutnad til dette.

**Jostein Sandvik** og **Marie Willemse** vart valde til å skriva under møtereferatet. Ei velskriven **Årsmelding for Fitjar sokn – 2023**, var framlagd i god tid før årsmøtet, og kunngjering av samlinga forskriftsmessig gjennomførd.

**Svein Lunde** tok for seg årsmeldinga kapittel for kapittel. Det viste seg å vera få spørsmål til dei fleste avsnitta.

Til avsnittet **Gudstenester og kyrkjelege handlingar** tok sokneprest **Olav Oma** ordet. Han uttrykte ei viss uro over at gudstenesteframmøtet ber preg av etterdønningane etter koronaepidemien. Det er viktig å få opp att engasjementet og gudstenestegleda. Han sa vidare at behovet for dropin-dåp ikkje er påtrengande i Fitjar. Her hos oss har folk valfridom og høve til dåp nær sagt når det skulle vera.

**Anne Marie Røed** tok ordet til årsmeldinga frå kyrkjelydspedagogen og trusopplæringa. I periodar siste året har kyrkjelydspedagogen vore ute i sjukemelding. Men på grunn av at ho har knytt til seg så gode medarbeidarar, har trusopplæringsarbeidet likevel gått bra. Ho gav ros til kontormedarbeidar **Elisabet Oma**, sokneprest **Olav J. Oma** og andre velvillige medhjelparar. Ho rosa òg samarbeidet med Søndagsskulen og Fitjar Indremisjon. Tentreff samlar mange unge, gjerne 30-45 personar. Og kvar gong er det med 6 vaksne støttespelarar. Dette gjev tryggleik, ro og eit godt miljø. Vidare understreka ho kor viktig det er med forbøn for arbeidet. Og ho rosa Fitjar bygdekinnelag for deira omsorg for konfirmantane med nybakte rundstykke og annan god mat. Dette verkar utruleg positivt på dei unge og på dei som underviser.

Til avsnittet om **Drifta av kyrkja og kyrkjegarden** opplyste **Svein Lunde** om at utviding av kyrkjegarden no ligg i løypa. Dette må skje i løpet av 1-2 år. Og **Harald Rydland** la til at omtalt og etterspurd minnelund kjem som ei oppfylging av denne utvidinga.

Kapittelet om **Økonomi** vart gjennomgått så godt som utan merknader. Den økonomiske styringa er god. **Svein Lunde** kalla det vesle underskotet på 10.000 kroner for ein «innertiar». Stort betre kan det ikkje gjerast.

**Temakveldane**. Denne våren har ein hatt stor suksess med lokale bidragsytarar. Kveldane har vore svært godt mottekte, og dei mange frammøtte har gitt økonomien ein oppsving, kunne **Anne Britt Tornes** fortelja.

**Diakoniarbeidet.** Olav Oma fortalte at Diakoniturane er populære. Den siste turen var fullteikna på to dagar. Open kyrkje og kaffitreff på kyrkjegarden fungerer også fint.

**Kyrkjebladet** vert godt motteke. Nye medarbeidarar er velkomne til å vera med i redaksjonen, eller som bidragsytatarar elles.

**Fitjar kyrkje sitt misjonsprosjekt** går godt, og **Herman I. Aadland** rosa kyrkjelyden for engasjementet og dei to nye medlemene i misjonsnemnda for innsatsen. Misjonen i Mali treng oss meir enn nokon gong.

Mot slutten av årsmøtet spurde **Herman I. Aadland** om **Jan Overweg** kunne sei litt om strøyminga/overføringa av gudstenestene våre på nettet. Han kunne opplysa at kvar gudsteneste vert lasta ned på 90-100-110 skjermer. Dei fleste etter sendetid, men også mange direkte. Med 1 til kanskje 6-7 sjårarar pr. skjerm blir det eit høgt tal. **Elisabeth Oma** meinte at me kanskje skulle finna ein måte å registrera dette på lokalt. Det er jo ei viktig teneste. **Harald Rydland** gav heilt til slutt ei innføring i bruk av Fitjar kyrkjelyd sine heimesider. Der er det mykje å henta. Og meir skal det bli var lovnaden frå kontormedarbeidar **Elisabeth Oma**.

**Svein Lunde** runda av årsmøtet med å takka forsamlinga for interesse og engasjement. Her er mykje å gle seg over!

Fitjar 26. mai 2024.

Herman Inge Aadland, referent

Underskrivarar:

Jostein Sandvik

*Jostein Sandvik*

Marie Willemse

*Marie T. Willemse*